

Jf. adresseliste

**Sakshandsamar:** Finn Owen Meling  
**Telefon direkte:** 45427874  
**Dato:** 19.06.2020  
**Referanse:** 20/11265-2

## Høring - søknad om konsesjon for landingsplass for helikopter i Austrepollen i Kvinnherad

Statkraft Energi AS (org 987059729), heretter Statkraft, har 28. mai i år søkt om konsesjon for å starta opp, driva og ha ein helikopterplass like ved Mauranger kraftstasjon i Austrepollen i Kvinnherad kommune.

### 1. Nærare om søknaden

Statkraft skriv i søknaden at dei for drift av anlegga knytt til Maurangervassdraga ønskjer å etablere ein fast helikopterplass innafor eige areal like ved Mauranger kraftstasjon. Fleire av anlegga til Statkraft ligg i fjella utan vegtilkomst, og dei er såleis avhengige av helikopter for nødvendig, riktig og effektiv drift av anlegga dei kommande åra. Eit tidligare nytta område for landingsplass like ved, kan ikkje lenger nyttast som følgje av at Statnett har utvida anlegga sine der.

Den påtenkte landingsplassen ligg like nordvest for Mauranger kraftstasjon ved Austrepollen, med senterpunkt i 351616,3 øst, 6669149,7 nord (Euref89/Sone 32), og kotehøgde 33 moh. Dette området er markert i kart som ligg ved søknaden. Området ligg like nord for verkstadbygget. Det er utfylte og planerte massar på området. Søkjaren har opplyst i eigen korrespondanse at planen er å etablere telesikre massar med asfaltbelegg for landingsplassen, og med eigna fall for overflatevatn. Landingsplassen vil også bli merka som helikopterplass.

Statkraft søker om løyve til inntil 300 årlige flyrørslar, i samsvar med støyutrekninga som følgde med søknaden. Statkraft skriv at talet på flyrørslar såleis vil kunna liggja noko høgare enn det dei i utgangspunktet hadde planlagt for, først og fremst for å kunna ta høgde for uføresette og ikkje planlagde aktivitetar for å sikra produksjon og strømleveranse. Hovuddelen av behovet for flyrørslar vil vera på barmarksdelen av året, mai til november.

Når det gjeld inn- og utflygingstrasear, viser Statkraft til støyrapporten og eigen illustrasjon (Vedlegg 4 til søknaden). I følgje ei fråsegn frå Statkraft sin faste flygeoperatør (Airlift AS) vil flyging skje i samsvar med illustrasjonen. Helikoptra vil halda seg på nordsida av dei områda som har bygningar, og vidare inn- og utflyging vil skje mellom bygningar på sørsida og stigande terreng på nordsida. Terrenget er slik at landingsplassen i Austrepollen ligg på 33 meter over havet, slik at utflyging i den illustrerte sektoren vil skje i fallande terreng. Helikopterplassen er såleis det høgste punktet i inn- og utflygingstraseen.

Landingsplassen vil bli brukt til VFR-flyging på dagtid mellom kl. 07 og 19.

## 2. Konesjonsregelverket

Alle som vil starta opp, driva eller ha ein landingsplass skal som hovudregel inneha konsesjon, jf. lov 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart (luftfartslova) § 7-5 første ledd. Ifølgje luftfartslova § 7-6 skal konsesjon berre bli gitt når det kan bli sameina med allmenne omsyn. Det skal bli henta inn fråsegn frå relevante kommunale og andre styresmakter før konsesjon eventuelt blir gitt.

Vilkåret «forenlig med allmenne hensyn» er nærare presisert i forskrift 11. januar 2007 nr. 40 om konsesjon for landingsplassar (BSL E 1-1 – heretter konsesjonsforskrifta) § 1 bokstav b, som har slik ordlyd:

*«Formålet med forskriften er:*

*b) Å sikre en samfunnstjenlig luftfart og en hensiktsmessig disponering av arealer, og at vurderingen av konsesjonssøknader skjer ut fra hensynet til miljø, helse, flysikkerhet, næringsinteresser, reguleringsplan, kulturlandskap, samt hensynet til regional utvikling og bosetting.»*

Det følgjer vidare av luftfartslova § 7-7 at konsesjon blir gitt for ei bestemt tid, og på slike vilkår som ein finn grunn til å krevja. Konsesjon for landingsplassar til privat bruk blir som hovudregel gitt for ein periode på 10 år, i samsvar med konsesjonsforskrifta § 15.

## 3. Høyringa

Luffartstilsynet ber høyringsinstansane om ei vurdering av etablering og drift av landingsplassen opp mot allmenne omsyn, med særlig vekt på dei omsyna som er tatt inn i konsesjonsforskrifta § 1 bokstav b.

Utanom dei forholda høyringsinstansane eventuelt sjølv ønskjer å ta opp, ber me om at det i fråsegna blir tatt stilling til dei forholda som er framheva i pkt. 3.1 med vidare nedanfor.

### 3.1 Forholdet til kommunal arealplan

Det følger av luftfartsloven § 7-6 tredje og fjerde ledd at konsesjon som hovudregel ikkje kan bli gitt i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningsloven. Ein kan likevel gi konsesjon i strid med arealplan dersom vedkomande plan- og bygningsstyresmakt samtykker til ferdigbehandling av konsesjonssøknaden.

Ut fra dei opplysningane som går fram av søknaden, forstår Luffartstilsynet det slik at etablering av helikopterplassen ikkje fullt ut vil vera i samsvar med dei gjeldande arealføresegnene for området, ettersom området er regulert for næringsverksemd.

Statkraft skriv likevel i søknaden at dei har vore i dialog med Kvinnherad kommune om ein mogleg dispensasjon frå gjeldande arealplan, og at kommunen vil kunna seia noko om dette under høyringa.

Luffartstilsynet vil understreka at ein slik dispensasjon i utgangspunktet er naudsynt for at det skal kunna bli gitt konsesjon.

### 3.2 Forholdet til naturmangfaldlova

Ved vurdering av konsesjonssøknaden legg Luffartstilsynet vekt på lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova), §§ 8 til 12, jf. § 7.

Søkjaren har lagt ved søknaden ei miljøutgreiing, som er utforma som en eigaerklæring i tråd med ein mal som går fram av vegleiinga til konsesjonsforskrifta. Av eigaerklæringa går det fram at søkjaren ser det som lite sannsynleg at tiltaket vil få vesentleg innverknad på miljøet, og slik sett naturmangfaldet.

Luffartstilsynet er ikkje kjend med naturtilhøve i området som ein burde vera særskilt varsam på i denne samanhengen. Me har gjort eit oppslag i kartoversikta til artsdatabanken, men ser ikkje ut frå dette at det er grunn til å tro at det fins artar som skulle bli truga av at det vert etablert ein landingsplass.

Me ser likevel at det er gjort registreringar i artsdatabanken på diverse fugleartar som ligg meir eller mindre på dei ytre delane av dei inn- og utflygingstraseane som kjem fram av støyutrekninga. Det er gjerne grunn til å tru at områda desse fuglane held seg i ligg ein heil del lågare enn et helikoptra vil gjera på desse delane av inn- og utflygingstraseane, men Luffartstilsynet ser gjerne at høyringsinstansane legg fram sine syn på dette.

### 3.3 Støy

Når det gjeld støy, så har søkjaren lagt ved ei støyutrekning utarbeidd av SINTEF i mai 2020. Denne rapporten baserer seg i all hovudsak på flyging med helikoptertypen AS350 (Airbus H125), men også nokre få flygingar med den større AS332 (Airbus H215 – «Super Puma»). Det er estimert 25 flyrørslar per månad med AS350, og 1 til 2 per månad med AS332. All flyging vil skje mellom kl. 07 og 19. Det er lagt til grunn to ruter for inn- og utflyging; begge går i vestleg retning frå landingsplassen. I støyrapporten vert det føreset at 95 % av trafikken vil gå langsmed den mest nordlege traseen.

På dette grunnlaget vurderer SINTEF det slik at ingen bygningar med støysensitivt bruksformål kjem innfor aktuelle støysoner.

Luffartstilsynet understreker at støysonene som vert nytta i støyrapporten byggjer på standardiserte retningslinjer<sup>1</sup>. Det kan likevel bli opplevd belastande støy utanfor støysonene, og det er ikkje noko i vegen for at også slik støy kan få tyding ved vurderinga av konsesjon for landingsplassen.

### 3.4 Flytryggleik

Med omsyn til flytryggleik, så har Statkraft i eigen korrespondanse informert Luffartstilsynet om at dei ikkje har laga ei skjematisk risikovurdering. Dei har likevel konferert med den helikopteroperatøren dei nyttar seg av (Airlift AS), og i den samanhengen kome fram til at dei bør nytta den nordlegaste inn- og utflygingstraseen, som mellom anna ikkje vil gå over eigedommar med bygningar på.

Når det gjeld risiko knytt til Statnett sitt uteanlegg, som ligg på den same eigedommen som den påtenkte landingsplassen, så vil helikopteroperatøren gjera eigne vurderingar ut frå karakteren av oppdraget og i samsvar med faste rutinar.

---

<sup>1</sup> Klima- og miljødepartementet si retningslinje T-1442

#### 4. Namnet på landingsplassen

Ifølgje konsesjonsforskrifta § 7 første ledd skal ein søknad om konsesjon innehalda forslag til namn på landingsplassen. Namnet skal fylla dei krava som følgjer av § 7 andre ledd. Søkjaren har i søknaden omtalt landingsplassen som Sunndal helikopterplass, Austrepollen. Luftfartstilsynet si foreløpige oppfatning er at namnet tilfredsstiller krava i konsesjonsforskrifta.

#### 5. Konsesjonsvilkår

Luftfartstilsynet har lagt ved eit utkast til konsesjonsvilkår. Vilkåra byggjer på Luftfartstilsynet sin generelle praksis og mal for vilkår, og på opplysningar i søknaden.

Talet på fløyrrørsler som er nemnde i utkastet til konsesjonsvilkår vil famna om all aktivitet på landingsplassen. Ramma for trafikkomfanget er absolutt. Dersom det i konsesjonsperioden er aktuelt med eit høgare tal på fløyrrørsler, må konsesjonen først bli endra.

Me understreker at dei vedlagde konsesjonsvilkåra er førebelse utkast, og at desse såleis kan bli endra i etterkant av høyringa, også på grunnlag av mottatte fråsegn i høyringsperioden.

#### 6. Høyringsfrist

Me ber om at eventuelle fråsegn til søknaden blir sende til Luftfartstilsynet **innan 21. september 2020**.

Fråsegn kan bli sendt pr. e-post til: [postmottak@caa.no](mailto:postmottak@caa.no), eller pr. post til: Luftfartstilsynet, Pb 243, 8001 Bodø. Merk helst fråsegn med saksnummer 20/11265.

Med unntak av dette høyringsbrevet, blir ikkje dokumenta som inngår i høyringa sende til høyringsinstansane. Alle høyringsdokumenta er tilgjengelege på [www.luftfartstilsynet.no](http://www.luftfartstilsynet.no), under «Høyringer».

Kommunen må i samband med høyringa sjølv vurdera om søknaden skal bli lagt ut på lokal kommunal høyring før eventuell fråsegn blir gitt.

Med vennleg helsing

Nina B. Vindvik  
juridisk direktør  
Direktoratsavdelingen

Finn O. Meling  
juridisk seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjend og krev derfor ikkje signatur.*

Vår dato  
19.06.2020

Vår referanse  
20/11265-2

---

Adresseliste:

- Kvinnherad kommune
- Vestland fylkeskommune
- Fylkesmannen i Vestland
- Statens vegvesen
- Norsk Ornitologisk Forening
- Naturvernforbundet

Kopi:

- Statkraft Energi AS

Vedlegg:

- Statkraft Energi AS sin søknad om konsesjon, med vedlegg 1-4